

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhagring@gmail.com

BILLIE VAN MED NY VINYL

Billie Van vert melankolsk på den nye vinylplata *Pure Emotions* som er sleppt i dag. Van er kanskje mest kjend som kjærasten til Jonas Alaska og ven med Mikhael Paskalev, men ho har for lengst vist at ho står godt for seg sjølv etter debutsingelen *On My Knees*. Låten «Bitter» fekk terningkast 6 av P3, og 16. september vert ho å finne på Parkteateret.

Stian Lysberg Solum / NTB scanpix



Lizz Wright har med seg produsent Joe Henry på det nye albumet. Pressefoto

orregni i 1833, men kjennest ny i denne tappinga.

STERK LYTTAROPPLEVING

Å høyre Wright synge tittelsporet «Grace», komponert av Rose Cousins, er mellom dei sterkaste lytteopplevingane eg har hatt dette året. Når røysta hennar får motvar i gospelkoret mot slutten av songen, i ei insisterande gjentakning av ordet «forgiveness», står det fram som ein verdig manifestasjon av kva det vil seie å vere eit medmenneske.

At Joe Henry stiller på produsentsida, er i seg sjølv eit kvalitetsstempel, og her har han også spela ei sentral rolle i låtvalet.

Wright omgir seg med fleire av dei trufaste musikarane i eit studio på Sunset Boulevard i Los Angeles, mellom dei Jay Belle-rose på trommer og David Piltch på ståbass. På tre av spora er songarar frå ulike kyrkjefamfund i Atlanta med, dirigerte av Kenny Banks. Musiseringa er kresen og elegant. Høyr berre på den syn-gande hammondsoloen Banks får utstyre tolkinga av k.d. langs «Wash Me Clean» med. For eit album!

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfatter og fast musikkskribent i Dag og Tid.



Elvind Austad i spissen for trioen med Hermund Nygård og Magne Thormodsæter. Pressefoto

Atterhalden intensitet

Mariss Jansons lagar ingen rein jubelorgie av Beethovens «korsymfoni».

CD

LUDWIG VAN BEETHOVEN:

Symphonie Nr. 9

CHOR UND SYMPHONIE-

ORCHESTER DES BAYERISCHEN RUNDFUNKS, DIR.: MARISS JANSONS. BR KLASSISK 2017

JAMFØRINGAR: BERLINER PHILHARMONIKER/ KARAJAN (DEUTSCHE GRAMMOPHON 1977), GEWANDHAUSORCHESTER LEIPZIG/CHAILLY (DECCA 2011)

Det er ikkje mange unnt å få framført ein stor symfoni på åremålsdagen sin. Men er du pave, er det mogleg: På dette liveopptaket med kringkastingsorkesteret i München får me høyra konserten som læt i Vatikanet i 2007, då gamlepaven Benedikt feira 80-årsdag. Her dirigerte Mariss Jansons Ludwig van Beethovens (1770–1827) mektigaste komposisjon, *Symfoni nr. 9 i d-moll*, den såkalla «korsymfonien». I dette verket frå 1824 inkluderte komponisten for fyrste gong i musikk-soga vokale element i symfonien, noko som revolusjonerte sjangeren – fram til då hadde symfonien vore den største instrumentale forma, men med Beethoven blei ho til den største musikalske forma i det heile.

FRAMANDT FOR VÅR TID

Jansons, som dirigerte Oslofilharmonien frå 1979 til 2000, lagar ikkje nokon uhemma jubelorgie av Beethovens patosfylde verk, ikkje eingong i finalesatsen, der tonane til Friedrich Schillers «Ode til gleden» gjallar med barnleg framtidsoptimisme frå solis-



Prominent plassert: Gamlepaven Benedikt XVI (gøymd i den kvite stolen) under konserten i Roma då CD-en blei innspelt. Foto: Matthias Schrader

tar og kor. Så er då romantikkens glødande kjensleuttrykk noko som kan verka framandt i eit Europa som har to verdskrigar bak seg. Den siste av dei opplevde både paven og dirigenten: I 1943, same året som halvt jødiske Jansons kom

til verda i jødegettoen i Riga, byrja Joseph Ratzinger som hjelper ved eit av Luftwaffes luftvern batteri i München.

HISSIG ARTIKULASJON

Det er den atterhaldne intensiteten i framføringa som særmerker Jansons' tolking, der strame tempi, presist utførte rytmiske figurar og velforma overgangar mellom bolkaner får i stand ein heilt eigen energi. Særleg vellukka tykkjer eg andresatsen «molto vivace – presto» er, der den kvasse, hissig artikulasjonen i paukane smitter over på resten av orkesteret, og gjev styrkarane ny kraft.



Den latviske dirigenten Mariss Jansons møter pave Benedikt XVI. Foto: Matthias Schrader

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er musiker og fast musikkmeldar i Dag og Tid.

Kristi sju kroppsdelar

CD

DIETRICH BUXTEHUDE:

Membra Jesu Nostr

VOX SCANIENSIS; ORGEL OG LEIING:

PETER WALLIN. LAWO 2017

JAMFØRING: CONCERTO VOCALE/JACOBS (HARMONIA MUNDI 1990/2003)

Den sjudelte kantatesyklusen *Membra Jesu Nostr* er dansk-tyske Diderik Buxtehudes (1637–1707) mest kjende vokalverk. Med tidlegbarok-

kens retoriske gestus tonesette han her dei sanseleg-kroppslege tekstane til mellomaldremystikaren og krosstogspreikaren Bernard frå Clairvaux, der han skildrar sju av Kristi kroppsdelar der han heng på krossen: føtene, knea, hendene, sida, brystet, hjarta og andletet. Svenske Vox Scaniensis' innspeling, som går inn i rekkja av framifrå tolkingar av denne syklusen, er kjenne-merkt av innertervend musisering og luftig, solistisk ensembleklang.

SJUR HAGA BRINGELAND



Mellomaldersk framstilling av Maria møy som sprutar morsmjølk i munnen på Bernard frå Clairvaux (1090–1153). Foto: Wikimedia